

Oppvekst og utdanning i HAFS er eit regionalt samarbeid om barnehage og skule mellom seks kommunar i Sogn og Fjordane, Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger. Regionen har utvikla ei plattform for samarbeidet og har eit felles system for kvalitets- og utviklingsarbeidet der ekstern vurdering (Vurdering for utvikling) inngår som ei viktig del.



19. oktober 2015

Til Kunnskapsdepartementet, Oslo

## Skulen i framtida

*Høyringsfråsegn til NOU2015:8 Fremtidens skole*

Utgreiinga om skulen i framtida har vore tema på leiarsamling for barnehage og skule i regionen, og utgreiinga har vore drøfta i regionmøtet der dei ansvarlege for oppvekst og utdanning i kommunane er med.

Vi seier oss leie for at vi ikkje fekk sendt fråsegna innan fristen den 15. oktober 2015, men håpar likevel at de vil ha ho med i det vidare arbeidet i departementet.

Ideane, tankane og dei konkrete framlegga i utgreiinga NOU2015:8 Fremtidens skole, har stor tilslutnad i regionen vår. Skuleiarane i regionen er mykje samde i det meste av det utvalet gjer framlegg om, og vi håpar at departementet vil følgje opp utgreiinga så snart som mogleg.

Vi oppfattar ikkje alt i utvalet si utgreiing som nytt. Mykje av det utvalet føreslår ligg alt i styringsdokument som, prinsipp for opplæringa, generell del av læreplanen og i fleire fagplanar.

**Men, utvalet har greidd å få dei ulike delane til å henge meir saman og såleis fått innhaldet i skulen til å bli ein heilskap!**

Om utvalet sine forslag skal gjennomførast ser vi som ei av utfordringane at nokre sentrale einskildtiltak idag peikar i ein annan retning enn det utvalet går inn for. Særleg gjeld det vektlegginga av kortsiktige og kvantitativt målbare resultat. Nye kompetansekrav for lærarane og stor vekt på individuell vidareutdanning peikar også i ei anna lei enn utvalet.

Med det som alt ligg i gjeldande styringsdokument meiner vi det er handlingsrom for kommunar og regionar til å vidareføre eller starte utviklingsarbeid i den retningen som utvalet peikar ut. I regionen vår ser vi det som eit naturleg framhald av Ungdomstrinn i utvikling. Det har vi kalla Motivasjon og meistring og vi har med alle årsstega i grunnskulen, frå 1. til 10. årsteg.

Vi tykkjer det er god samanheng i det utvalet gjer framlegg om. Eit breidt kompeanseomgrep og kompetanseområde heng godt saman med læreplanmodellen og framdrifta i arbeidet med læreplanane og fornyinga av faga, som utvalet legg opp til. Å halde på dei same faga kan på same tid bli ei av dei største utfordringane med å gjennomføre utvalet sine framlegg. **Spørsmålet er om utvalet har gått langt nok i å føreslå endringar i faga?**

Fagtradisjonane er sterke og kan gjere til at dei overstyrer den tverrfaglege tenkinga i innstillinga, og framlegget om fagovergripande tema. Utvalet sjølv peikar på at det er alterantiv til noverande faginndeling, men at ein førebels ikkje har legitimitet til å kunne gjere større endringar. Men vi ser det er opning for å gjere det på andre måtar gjennom den auka fleksibiliteten i fag- og timefordelinga utvalet foreslår. Vi vil peike på at det kan vere rett å utvikle ulike modellar kring i landet, alt etter tradisjonar og kva samanheng (kontekst) skulen er i. **Forskinga i "Lærande**

**regionar" syner at det er viktig at skulen representerer dei verdiar som ein finn i dèt lokalsamfunnet som skulen er ein del av.**

Utvalet gjer framlegg om eit fornuftig opplegg for implementering, med ein avklara strategi og god forankring. Vidare at forventningane til alle aktørar er klare, og at det skal vere rom for ulike vegar framover. Jamfør det vi skreiv i det førre avsnittet.

Vi tykkjer det burde ha vore meir understreka at det viktigaste i utviklingsarbeidet er at skulane har evne og kapasitet til å drive utviklingsarbeid. Altså at skulane i større grad er lærande organisasjonar enn i dag. Slik at dei er betre i stand til å utvikle og fornye seg, og at dei har god evne både til å ta opp i seg sentrale føringar og gå laus på eigne, lokale utfordringar.

Vi registrerer at utvalet legg til grunn eit sosiokulturelt læringssyn. Dette stemmer godt med det synet vi har på læring her i regionen. Både i skulen som organisasjon, i undervisninga og læringsarbeidet vert samarbeid og samhandling peika på som avgjerande verktøy for at elevane skal utvikle kompetanse for framtida.

Vi er glade for at utvalet vil styrke dei praktisk estetiske faga og det ser ut til at utvalet har eit anna syn på teori kontra praksis enn det som har vore rådande og vorte formidla i fleire tiår, nemleg at akademisk utdanning er eit overordna mål for alle. **Utvalet peikar med rette på at praktiske fag og handverksfag har eit kunnskapsgrunnlag, og alle teorifag har ei praktisk utøvande side.**

Utvalet meiner dei har utvikla ein modell for arbeidet med læreplanane som kan minske det dei kallar "stofftrengselen". Med ei klarare ansvarsdeling og meir likt utforma kompetansemål, meiner utvalet at det skal vere mogleg å prioritere det som er det sentrale i faga, tenkemåtar, metodar, prinsipp, omgrep og samanhengar. Det vert avgjerande at den læreplanmodellen utvalet legg opp til vert fylgd, og at arbeidet som ulike grupper skal gjere har klare rammer og prinsipp å halde seg til.

Vi meiner at meir edruelege læreplanar er avgjerande for å få den djupnelæringa som utvalet så sterkt vil ha i skulen. For ungdomsskulen og vidaregåande skule er det også avgjerande at vurderingsarbeidet vert i tråd med det breie kompetanseomgrepet, særleg gjeld det at standpunktvurderingane femner om alle kompetanseområda. Eksamen veit vi er styrande for mykje av undervisninga. Difor er vi samde i at det vert sett i gang arbeid for å utvikle eksamensformer der elevane får vist kva dei er gode for på dei ulike kompetanseområda.

Som vi peika på i innleiinga ligg alt mykje av tenkinga og prinsippa i det utvalet foreslår, i gjeldande styringsdokument, men at det ikkje har fått fullt gjennomslag i den praktiske politikken og i undervisninga og læringsarbeidet. Difor ligg det i utvalet si innstilling opplegg for ei grunnleggande endring i norsk skule. **Vi vil kalle det ei kulturendring der lærarrolla og elevrolla vert utvikla, med ein meir aktiv og medverkande elev som i samspel med lærar og medelevar utviklar kompetanse både som individ, som samfunnsborgar og som yrkesutøvar.**

Vi vil til slutt understreke at det er fleire vegar til målet. For å kome dit utvalet ynskjer, er det avgjerande med eit handlingsrom for både kommunane, skuleleiarane og dei tilsette i skulen. Skal ein greie å fornye og utvikle innhaldet i skulen treng leiarane og lærarane den profesjonelle fridomen. Engasjementet til den einskilde er avgjerande for om det skal vere mogleg å utvikle ein skule for framtida. Difor meiner vi rettleiande normer er betre enn med sentrale forskrifter på fleire område.

### ***For Oppvekst og utdanning i HAFS***

Gjermund Flage (regionleiar)

Åsmund Berthelsen (utviklingsleiar)

93237073

asmund.berthelsen@fjaler.kommune.no